



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Protokoll

Møte/utval:	Strategisk samarbeidsutval	
Møteleiar:	Tanja Thalén	
Referent:	Karethe Kristoffersen Aam	
Møtenummer:	4/2024	
Dato:	11.09.24	
Tid:	09.30 – 16:00	
Stad:	Vestnes	

Vara medlemmar møter berre ved særskilt innkalling.

Namn	Tittel	Møtt
LSU Volda		
Ottar Røyset	Leiar LSU Volda Kommunalsjef Hareid kommune	Forfall
Jørn Velle Molskred - vara	Kommunalsjef i Sande kommune	x
Siv Jensen, nesteiar SSU	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus	Forfall
LSU Ålesund		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	x
Jørn Åge Longva	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	x
LSU Molde		
Tanja Thalén, Leiar SSU	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	x
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef, Klinikk SNR Molde sjukehus	x
LSU Kristiansund		
Geir Nilsen	Nestleiar LSU Kristiansund, einingsleiar Aure	x
Gudrun Karlsen	Leiar LSU Kristiansund, prosjektleiar DMS Kristiansund	x
Brukarepresentant kommune		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeininga)	x
Brukarepresentant helseføretak		
Paula Næss Skår	Leiar Brukarutvalet HMR	x
Fastlege/PK		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga HMR	Forfall
Thilde Svela, fast vara	Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	x
Observatør Statsforvaltaren		
Karin Müller Mikaelsen	Leiar helse og omsorg. Statsforvaltaren.	Forfall
Felles samarbeidssekretariat		
Eli Otterlei	Nestleiar Felles samarbeidssekretariat Samhandlingssjef HMR	x
Karethe K. Aam	Rådgjevar i samhandlingsseksjonen HMR HF	x
	Nordmøre IPR	Forfall
	Romsdal IPR	Forfall
Bodil Haugen Våge	Leiar Felles samarbeidssekretariat	x



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Protokoll

	Kommunalt sekretariat (Sunnmøre Regionråd) Rådgjevar Helse Ålesund kommune	
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre (SR) og “7 stjerna”	x
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	Forfall
Gjest: Hanne Haavde Stenseth og rådgjevar Reidun Swan rådgjevar	Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal	X x

Saksliste

Sak nr.	Sak	Tidsplan	Ansvarleg
23/24	<p>Velkomne! Godkjenning av innkallinga. Innkallinga vart godkjent. Innmelding av eventuelt saker. Ingen saker til eventuelt Godkjenning av protokoll frå sist møte, du finn det HER Protokollen frå møte 12.06.24 vart godkjent.</p>	0930-0940	Tanja Thalén
24/24	<p>Oppfølgingssak frå Partnarskapsmøte 13.06.24, sak 6/24 SSU si behandling av sak 24/24 11.09.24</p> <p>Behandling I Partnarskapsmøtet (PM) 13.06.24 gjennomførte deltakarane eit gruppearbeid som resulterte i innspel til felles utviklingsretning og innsatsområde i Helsefellesskap Møre og Romsdal. Følgjande vedtak vart fatta: <i>«2. Partnarskapsmøte ber SSU ta innspel til felles utviklingsretning og innsatsområde i Helsefellesskap M&R vidare i sitt arbeid.»</i></p> <p>Samarbeidssekretariatet v/ Karette K. Aam presenterte innspela frå PM for Strategisk samarbeidsutval (SSU). SSU vurderte innspela og kom fram til følgande:</p> <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none"> SSU ber dei faglege utvala Skrøpelege eldre og multisjuke og Psykisk helse og rus om å 	0940-1010	Karette Kristoffersen Aam



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Protokoll

	<p>utvikle/vidareutvikle eitt pasientforløp kvar, retta mot eigne prioriterte grupper.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Dei faglege utvala bør vurdere å knytte erfaringar frå eksisterande gode prosjekt (som for eksempel PSHT) inn i arbeidet med utvikling av pasientforløp. 3. SSU oppmodar fagutvala til å vurdere om arbeidet med utvikling av pasientforløp kan eigne seg for søknad om rekrutterings- og samhandlingstilskot. 4. Utvala skal legge fram ei skisse for pasientforløpet dei ønsker å utvikle, samt ein framdriftsplan til møtet i SSU 16.10.24. 		
25/24	<p>Rekruttering- og samhandlingstilskot SSU si behandling av sak 25/24 11.09.24</p> <p>Behandling Samarbeidssekretariatet v/Eli Otterlei la fram saka. I Stortinget si endelege handsaming av Revidert nasjonalbudsjett Prop. 104 S (2023-2024) den 21.06.24, vart det vedteke å innføre eit varig rekruttering- og samhandlingstilskot på til saman 100 millionar kroner til Helse Sør-Aust, Helse Vest og Helse Midt-Norge, og eit eige tilskot til Helse Nord. Eit tilskot på 24,3 millionar kroner går til Helse-Midt RHF og av dette går tilskotet på 8,564 millionar til Helsefellesskap Møre og Romsdal. SSU tok informasjon til vitande og drøfta korleis tilskotet skal forvaltas og tildelast i Helsefellesskap Møre og Romsdal.</p> <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. I Helsefellesskap Møre og Romsdal skal strategisk samarbeidsutval (SSU) førebels forvalte rekruttering- og samhandlingstilskotet inntil formelt mandat ligg føre frå PM. 2. SSU set ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide: 	1010-1040	Eli Otterlei



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Protokoll

	<p>a) rettleiar for søknad om rekruttering- og samhandlingstilskot som inkluderer kriterium for val av prosjekt og rutinar for rapportering tilbake til SSU (opp mot felles handlingsplan)</p> <p>b) rutinar for årleg og/eller sluttrapportering av rekruttering- og samhandlingstilskotet til RHF</p> <p>c) mal for søknadsskjema om tilskot</p> <p>d) mal for avtale som dokumenterer einigheit mellom kommune og HMR i Helsefellesskap Møre og Romsdal</p> <p>3. SSU føl opp prosjekta som får rekruttering- og samhandlingstilskot og rapporterer dette årleg til Partnarskapsmøte i Årsmelding</p>		
	Pause	1040-1050	
26/24	<p>Gjennomgang oppdatert Felles handlingsplan. Oppfølging Sak frå SSU 20/24 frå 12.06.24 SSU si behandling av sak 26/24</p> <p>Behandling: Samarbeidssekretariatet v/Bodil Haugen Våge la fram saka for SSU.</p> <p>I møtet 12.06.24 fatta SSU følgjande vedtak: «<i>2. SSU ber leiar for kvart FSU oppdatere gjeldande handlingsplan innan 11.09.2024, herunder status for kvart tiltak, i form av triagering med fargekodar.</i>» SSU har sendt ein førespurnad til dei faglege utvala om å oppdatere sine handlingsplanar. Av 12 utval er det 8 som har oppdatert sine handlingsplanar. SSU drøfta saka og kom fram til følgande:</p> <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. SSU er orientert om status for felles handlingsplan Helsefellesskap M&R pr. 11.09.24. 2. SSU er orientert om at <i>Fagleg samarbeidsutval for Kunnskapsoverføring, forskning og utdanning, samt praksiskonsulentordninga</i> innstiller sin aktivitet inntil ny samarbeidsavtale føreligg om korleis ansvar og oppgåver knytt til Delavtale 2 skal forvaltast i Helsefellesskap Møre og Romsdal. 	ca 1050-1130	Bodil Haugen Våge



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Protokoll

	LUNSJ	1130-1215	
27/24	<p>Oppfølging Sak frå SSU 20/24 frå 12.06.24 SSU si behandling av sak 27/24 11.09.24.</p> <p>Behandling Leiar i strategisk samarbeidsutval Tanja Thalen la fram oppfølgingssaka frå SSU 12.06.24 der følgande vedtak vart fatta:</p> <p>«1. SSU sitt arbeid med <i>plan for evaluering og oppdatering av vedtatt felles handlingsplan vert kontinuert i møte 11.09.2024.</i> SSU skal då ta stilling til:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Korleis FSU skal velje ut og spisse tiltak til felles handlingsplan • Kriterier for tildeling av rekrutterings- og samhandlingstilskot • Ansvar for revisjon av handlingsplanar • Metodikk og gjennomføring av statusrapportering» <p>SSU vart delt inni grupper der vi jobba vidare med tematikken lista opp ovanfor.</p> <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Utvalskritaria for tiltak som krev finansiering i form av det nasjonale rekrutterings- og samhandlingstilskot skal takast med i arbeidet for utarbeiding av rettleiar og mal for tilskotet, ref. SSU sak 25/24 (11.09). 2. Det skal utarbeidast ei retningslinje som tydeleggjer korleis helsefellesskapet arbeider med evaluering, statusrapportering og revisjon av Felles handlingsplan og som bygg på innspela frå SSU, ref. sak 20/24 (12.06) og sak. 27/24 (11.09). 3. Det skal utarbeidast ei retningslinje for FSUane i den hensikt å velje ut og spisse tiltak for Felles handlingsplan og som bygg på innspela frå SSU, ref. sak 20/24 (12.06) og sak. 27/24 (11.09). 	1215-1315	Leiar for SSU, Tanja Thalén, innleier.



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Protokoll

	4. Nestleiar og leiar for SSU utarbeider retningslinjer som beskrive i vedtak 2. og 3.		
	Pause	1315-1330	
28/24	<p>Oppfølging av sak 19/24: Årsrapport samhandlingsavvik 2023 - meldekultur. SSU si behandling av sak 28/24 11.09.24</p> <p>Behandling I SSU møtet 11.09.24 la rådgjever Karethe K. Aam fram årsrapport for samhandlingsavvik 2023. Etter framlegg og dialog i SSU vart følgjande vedtak fatta:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. SSU tek Årsrapport samhandlingsavvik 2023 til vitande. 2. SSU ber LSU om innspel til tiltak for å betre meldekultur i HF og kommunar. <p>Sidan ikkje alle LSUane har gjennomført møte sidan juni, vert denne saka tatt attende i SSU møtet 16.10.24.</p> <p>For å få fram brukarperspektivet i saker der samhandling og etterleving av samarbeidsavtalen sviktar, deltok Pasient og brukarombodet v/Hanne Haavde Stenseth i dette møtet for å dele dømer på saker der samhandling mellom dei to tenestenivåa har svikta. Det var lagt opp til dialog etter framlegget.</p> <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. SSU tek orienteringa frå Pasient og brukarombodet til vitande. 2. SSU vil følgje opp sak 19/24 med tiltak for å betre meldekultur i HF og kommunar ytterlegare gjennom drøfting og innspel frå LSUane i neste SSU møte 16.10.24. 	1330-1415	Hanne Haavde Stenseth
	Pause	1415-1430	



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Protokoll

29/24	<p>Akuttmedisinsk utviklingsplan for Helse Midt-Norge SSU si behandling av sak 29/24 11.09.24</p> <p>Behandling Helsefellesskap Møre og Romsdal har, saman med dei andre helsefellesskapa i Midt Noreg, fått ein førespurnad frå prosjektleiar Håkon Gammelsæter med ønske om ei orientering og påfølgande drøfting om Akuttmedisinsk utviklingsplan. Saka vart lagt fram av prosjektleiar Håkon Gammelsæter på Teams.</p> <p>Vedtak SSU tek orienteringa om Akuttmedisinsk utviklingsplan i SSU til vitande, og føreset vidare drøfting om planarbeidet og eventuell medverknad i SSU 16.10.24.</p>	1430-1500	Håkon Gammelsæter deltok på Teams
30/24	<p>Innmeldt sak: Sak frå Fagleg samarbeidsutval for rehabilitering SSU si behandling av sak 30/24 11.09.24</p> <p>Behandling Leiar av fagleg samarbeidsutval for rehabilitering Runa Bakke presenterte saka på teams. FSU for rehabilitering oppmodar SSU til å vurdere om det er grunnlag for å initiere ei breiare satsing på forbettings- og utviklingsarbeid for arbeid med koordinering, koordinerande eining og individuell plan, og korleis dette kan organiserast.</p> <p>Vedtak SSU takkar for orienteringa og vil i fyrste omgang invitere statsforvaltaren til dialog om korleis vi saman kan støtte opp om utvikling i arbeidet med koordinering, KE og IP.</p>	1500-1530	Runa Bakke deltok på Teams
31/24	<p>Møteplan 2025 SSU si behandling av sak 31/24 11.09.24</p> <p>Behandling SSU sette opp tre tentativ møtedatoar i SSU for våren 2025 og to møtedatoar i SSU for hausten 2025</p>	1530-1600	Tanja Thalén



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Protokoll

	<p>SSU skisserte at det truleg er naudsynt med tre møter i Partnarskapet i 2025. Eitt konstitueringsmøte i januar 2025, eitt ordinert PM i mai eitt utvida møte (samhandlingskonferanse) i okt/november 2025</p> <p>Vedtak Følgande tentative datoar vart sett opp. Endeleg vedtak om møteplan for SSU og PM vert fatta i neste møte i SSU 16.10.24</p> <p>SSU: Onsdag 22.01.25 (Fysisk) (Konstitueringsmøte?) Onsdag 26.03.25 (Teams) Onsdag 04.06.25 (Fysisk) Onsdag 10.09.25 (Teams) Onsdag i november? (Fysisk)</p> <p>PM: Konstitueringsmøte i januar? (Fysisk/Teams?) Onsdag mai ?(Fysisk)</p> <p>Utvida samarbeidsmøte/Samhandlingskonferanse: Onsdag i okt./november? (Fysisk)</p>		
	<p>Saker til neste SSU (Teams), 16.10.24</p> <ol style="list-style-type: none"> Oppfølging av sak 19/24 – drøfting av tiltak for å betre meldekultur Oppfølging av sak 29/24 – vidare drøfting, eventuelt medverknad til akuttmedisinsk utviklingsplan Oppfølging av sak 25/24 Rekruttering og samhandlingstilskot – utarbeiding av rettleiar og mal for søknad Oppfølging av sak 24/24 – Oppdrag gitt til FSU for psykisk helse og rus og skrøpelige eldre og multisjuke Revidert samarbeidsavtale 2025 Møteplan <p>Takk for møtet!</p>		Tanja Thalén